

DET KONGELEGE BARNE- OG FAMILIEDEPARTEMENT

Ung Kirkesang
Fjeldal
4790 Lillesand

Deres ref

Vår ref
99/02260 K BHO

Dato
11. oktober 2000

SPØRSMÅL SOM GJELD REGEL VERKET OG KORLEIS TELJE LOKALLAG PÅ SVALBARD –
UNG KIRKESANG

Vi viser til Dykkar brev av 29. oktober 1998 som gjeld ovannemnde sak. Saka blei oversendt fra Statens ungdoms- og adopsjonskontor og motteke i departementet 5. mai 1999. Vi seier oss leie for den lange saksbehandlingstida.

Departementet kan ikkje sjå at det er formelle eller andre hindringar for at "Forskrift av 1. juli 1997 om tilskudd til frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner" kan gjelde for lokallag på Svalbard. Medlemmer i lokallag på Svalbard kan telje, jf. § 11 i forskrifta.

Departementet er einig i at Svalbard ikkje kan reknast som eit eige fylke, jr. Fordelingsutvalet sitt brev av 27. april 1999. Ved utmåling av grunnstønad til nasjonalt arbeid skal eit lokallag i ein barne- og ungdomsorganisasjon på Svalbard være teljande, jr. forskrifta § 14. Departementet vil rekne lokallag på Svalbard inn under Troms fylke etter analogi av systemet til barnevernlova.

Kopi: Fordelingsutvalet, Statens ungdoms- og adopsjonskontor (98/01813/FUV/FKV)

Postadresse
Postboks 8036 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59

Telefon -sentralbord
22249090/ 22245265
Org.nr: 972417793

Barne- og
ungdomsavdelingen
Telefaks: 22242719

Saksbehandler
Birgitte
Løes,22242628